

HYRDINGEN



NR. 3

Mai/Juni 2020

ÅRGANG 62

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Trusopplæring i friluft på kyrkjebakken i Vikedal. Foto Berit Stople



Pinse - Kyrkja sin fødselsdag. I pinsa kom Den Heilage Ande til dei som trudde på Jesus. (Ill.: Svenn A. Hansen)

Presten har ordet	2	Gratulerer med barnet	5	Gudstenestene	10
Pinsen	2	Påske- og pinsevandring	6	Frå kyrkjeboka	10
Redaksjonspennen	3	Trusopplæringsprisen	6	Møte og arrangement	11
Min song	3	Kyrkjene vart digitale	7	Fasteaksjonen	12
Konfirmatane 2020	4	Opning av kyrkjene igjen	8	Informasjon for nye konfirmantar	12
		Stemnestaden vert ny	8		



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og

VIPPS nr 53 14 72

Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk:

Kai Hansen Trykkeri Haugalandet AS

SOKNEPRESTANE:
Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Mobil: 905 23 560
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Torsdag 9 - 15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovich: 416 46 183
Nelly Kotkovich: 948 23 044

Haugaland prosti:
P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Gunnar Listog
Ølen og Bjoa: Hanne Jorunn Aasen Risøy
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Presten har ordet

Kari Vik Stuhaug, sokneprest



Som tomme skåler

Kjære alle!

Kven kunne tru at me skulle oppleve noko slikt som dette? Det som koronapandemien har skapt. Ikkje berre i Noreg og våre bygder, men verda rundt. Me er i ferd med å koma på sporet av dagleglivet igjen. Men så mykje er likevel annleis. Vår jamne rytme og daglege rutinar har blitt sett til sides. Me må gjera ting på andre måtar. Det har vart ei stund no, og det vil vara mykje lengre. Det vil gå seg til etter kvart, men me står framleis i overgangar til ein ny kvardag. Det er krevjande. Me kan kjenna suget i magen. Usikkerheten. Ubehaget. Angsten.

Det har blitt sagt at det kinesiske teiknet for krise består av to teikn, teiknet for «fare» og for «mulighet». Ein av dei viktigaste føresetnadene for å redusera faren og styrka mulighetene er fellesskap. At me står saman. At me er innstilte på dugnad, slik Regjeringa støtt og stadig minner oss om.

Men for meg er ein annan føresetnad like stor: Trua på ein Gud som framleis skaper. Profeten Jesaja uttrykte dette nydeleg for fleire tusen år sidan:

De skal ikkje minnast dei første ting, ikkje tenkja på det som hende før. Sjå, eg gjer noko nytt.

No spirer det fram.

Merkar de det ikkje?

Ja, eg legg veg i ørkenen,

elvar i øydemarka. (Jesaja 43,18-19)

Pinseunderet handla om dette. Korleis dei motlause og tvilande lærersveinane fekk ny kraft då dei

møtte den oppstadne Kristus. Etter ei krise av dei store, då leiaren deira vart krossfest og døydde i påskeveka.

Det er lett å bli nærsynt i kriser. Bli opptatt av alle utfordringane som omgir oss, og som inneber å leita etter stadig nye løysingar. Ukjent lende. Godt då å kunne løfta blikket mot noko som er større enn kvardagen og utfordringane. Overgi tankar og kjensler, utfordringar og løysingar i Guds omsorgsfulle hender, med denne bønna, som Svein Ellingsen har formulert og som me syng frå salmeboka:

Vi rekker våre hender frem som tomme skåler.

Kom til oss, Gud, og gi oss liv fra kilder utenfor oss selv.

Me treng det no. Liv og styrke, trøyst og rettleiing. Me kan vel undra oss på kva som kjem etter dette. Er verda den same? Er livet ditt og mitt det same? Pinse handlar om at Gud stadig kjem oss nær ved sin Heilage Ande. Som er lett som vinden, og skaper handling og frukt der han finn opne hjarto. Kanskje er det ikkje eit mål at alt skal bli som før? At me heller skal opna oss for at noko nytt kan veksa fram mellom oss? Noko som er endå betre enn det me hadde.

Vi venter, etter smertens vår, din nådes sommer.

Og sorg og glede blir til vekst med frukt vi ikke selv kan se.

(Svein Ellingsen – Norsk salmebok 678)

Redaksjons-PENNEN



Av Steinar Skartland

I to-tre månader med stengde kyrkjedører har folk i bygd og land søkt seg fram til andaktar og salmesong på internett. Med enkle hjelpemiddel vert ord og tonar formidla over nettet. Tilhøyrarar er mange fleire enn dei som møter til gudsteneste i kyrkja. Likevel kan ikkje dette erstatta møte mellom menneske og fellesskap. Sakte vert samfunnet opna opp att nå. Vi vonar at vaksine-tilbod kjem på plass før nye utbrøt.

Dei nasjonale råda følgjer vi og få har vorte alvorleg sjuke her til lands. Men det er alltid nokon som bles av slike åtvaringar og seier: «Eg trur det ikkje før eg får sjå det. Sikkert ikkje verre enn vanleg influensa». Noreg har så langt klart seg betre enn mange andre land. Tiltaka verkar og vi følgjer råda.

I tida etter påske les vi om Tomas, den eine av apostlane til Jesus. Dei andre kunne fortelja at dei hadde sett Jesus, han var ikkje død, men hadde stade opp att frå døden. «Det trur eg ikkje før eg får sjå naglemerket i hendene hans og leggja fingeren i det og stikka handa i sida hans», var Tomas sin respons. Så kom Jesus medan Tomas også var der. Han fekk sjå, og trudde. Jesus sa då til han: «Fordi du har sett meg, trur du. Sæle dei som ikkje ser, og endå trur.» (Joh. 20, 24-31).

21. mai markera vi Kristi Himmelfartsdag. Nå står Pinsen for døra. Feiringa av at Gud sende den Heilage Anden til læresveinane. Orda frå bibelen kan du få med deg på radio, fjernsyn og internett, eller i ein av dei kyrkjene som vert opna. God pinse.

Min song



Av Elisabeth Stople Gregersen

Dette var eit veldig kjekt, men vanskeleg spørsmål å få. Det er utruleg mange fine songar eg både har sunge og hørt på oppover. Etter mykje tankevirksomhet landa eg på «Your love», som tek utgangspunkt i Salme 139. Den er skrive av Jan Groth og Tore Aas til Oslo Gospel Choir i 1994. Sangen omhandlar den totale og store kjærleiken Gud har til oss, Han veit alt om oss frå me er eit foster, og me kan ikkje gøyma oss bort frå kjærleiken hans kor enn me går. Han sov aldri! Dette er ein av få songar der tårene har komme midt i ein opptreden. Heldigvis sto eg bakerst i koret.. Det var i Voice of Joy tida, mens eg òg har sunge den i smågrupper frå ungdomsskulen og nesten til dags dato.

You've examined my heart and Lord, you know me

There's no use pretending; You see right through me

You know where I am; You see all I do Lord, You're never sleeping

You know all my words before I speak
You know where I stand, and what I seek
You know if I'm laughing or if I'm crying
Lord you're never sleeping

There's no place I can hide
From Your love
I can only survive
Through Your love
Show me somewhere to go
A place You don't know
To cover my soul

On the wings of the dawn I might fly
To the ends of the earth, beyond the sky
I could go anywhere
But You'd always be there
Wherever I go

Lord, You know when I sit and when I stand
Each moment I live I'm in Your hand
I can't get away from Your sweet spirit
Lord You're never sleeping

Long before I was born,
your eyes could see me
You knew all my days before they'd ever reach me
So come what may,
I know You'll be there
Lord, You're never sleeping

Refr.
I'm surrounded
I'm surrounded
I'm surrounded
Love is never sleeping
Love is never sleeping

Pinsen – kyrkja sin fødselsdag



dagar etter påske. Opphavelig var pinsen ein jødisk fest som markerte avslutninga på påsken og minna om mottakinga av de ti bod på Sinai, der Moses fekk lov-tavlene. Dei første kyrkjelydane har sitt utspring i pinsehendinga. Difor kallar

mange også pinsedagen for kyrkja sin fødselsdag. I Det nye testamentet vert det fortalt korleis Den heilage anden ti dagar etter Jesu himmelfart kjem over apostlane, som var samla for å feira den jødiske pinsefesten. På merkeleg vis blir dei i stand til å forstå og tala

Mos 1,2). På hebraisk kan dette også omsettast med 'ruga'. Anden ruga, den var med på å gje liv. Det er også pinsen si forteljing, det er ei ny skaping.

(Kjelde: kirken.no)

Fotograf Jan Nordtveit hadde fotogruppe med konfirmantar frå Sandeid, Vikedal og Imsland



Dei nye, utsette konfirmasjonsdagane, er vist på kvar gruppe, med etterhald om retningslinene styresmaktene gir.

ØLEN laurdag 5. sept. kl. 11

Sebastian Hardeland Berge
Marielle Eikesdal
Dan Dereje Gebremichael
Isak Heddeland
Jonathan Hundseid
Ariel Iddeland
Lars Ivesdal
Anders Løhaugen
Siren Vårvik Matre
Sina Dalaker Miljeteig
Oskar Nerheim
Live Therese Osaland
Rafael Daniel Pacurar
Tuva Roa
Henny Karin Rullestad
Tage Aarekol

BJOA laurdag 12. sept. kl. 11

Gina Gjerde
Aleksandra Kosciewska
Hanna Håvarstein Lothe
Jonas Skålnes Sandsgård
Viljar Skålnes Solheim
Mari Edona Tveit

IMSLAND søndag 6. sept. kl. 11

Elida Birkeland
Ingeborg Birkeland
Jenni Kathrin Hansen
Elena Langeland
Mats Marvik
Elise Rønnevik

SANDEID søndag 30. aug. kl. 11

Oliwia Cieslar
Helena Eilertsen

Maren Heggebø
Andreas Matre Helgevold
Torbjørn Hjelmtveit
Jone Håheim
Oliver Byggstøl Ørke

VIKEDAL søndag 13. sept. kl. 11

Julie Haaland Ananiassen
Sondre Ove Bakkelund Espenvoll
Olve Birkeland
Vebjørn Eikje Blikra
Magni Kristine Eikeland
Anders Sævareid Espenvoll
Vera Rullestad Gjerde
Idar Golf
Liv Cecilie Imsland
Marie Furuly Krokedal
Kristine Hustveit Nybru
Morten Reimers
Bjørnar Våg Skjold

SKJOLD laurdag 22. aug. kl. 11

Ragnhild Haugen
Jonas Berentsen
Tuva Hustoft
Laila Bauge
Stener Isak Mangrud
Kristine Velde
Sindre Gullhaug Dagsland
Elina Gullhaug Dagsland
Erik Svendsen
Sigrid Amundsen
Kristoffer Fosen Grunnalte
Iben Elida Skjold Kvigne
Maren Haugen
Helene Haugen
Mathias Nesheim Bakke

Vi ønskjer alle til lukke med konfirmasjonen. Bileta vert presentert i nr 5 av kyrkjebladet.

Snorre Søvold
Ida Lundal
Linnea Tjelmeland Hustoft
Lena Skjølingstad
Vilde Krakk
Agnes Byrkja Dagsland
Endre Hjelm Fjeldheim
Anders Skjold
Mats Rugtveit Bjørnevik

VATS søndag 30. aug. kl. 11

Andreas Espeset Littlehamar
Arne Frantsen
Frida Eike
John Vegard Tveit Halsnes
Sofie Landa
Sverre German Ihle
Henriette Sørhus
Ida Øygard

VIKEBYGD søndag 13. sept. kl. 11

Askev Winterhus Julsrød
Jarle Skartland
Johannes Bakkevik
Jonas Sjo Bjerga
Mona Berentsen Trovåg
Sindre Mathias Johannessen

Vi ønskjer alle til lukke med konfirmasjonen. Bileta vert presentert i nr 5 av kyrkjebladet.

Vi minner om betaling av bladpengar for Hyrdingen til konto 3240.11.17937 Eller VIPPS nr. 52 14 72

Gratulerer med barnet!

Av Kyrkjene i Vindafjord/kirken.no

Me gler oss med dykk og invitær til dåp i Den norske kyrkja.

Dåpen har ein lang tradisjon i landet vårt, og dåpsdagen er for mange ei viktig feiring av barnet.

Dåpen er ein merkedag der barnet har viktige støttespelarar rundt seg. Det er ei heilag handling der vi hører Gud gi løvnaden sin om å vera med barnet gjennom heile livet. Barnet blir medlem av kyrkja og får del i eit større fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp handlar om tradisjon, tilhørsle og tru.

Tradisjon

Dåpen er ein berande tradisjon, og det har dåpen vore i landet vårt i nærare 1000 år. Mange opplever dåpsdagen som ei god og meiningsfull feiring og ein viktig dag for dei som står barnet nær.

Tilhørsle

Dåpen knyter oss til Gud, til Jesus Kristus og til fellesskapet.

Tru

Barnet blir døypt til den kristne trua. I dåpen blir barnet lagt i Guds hender i tru på Guds kjærleik. Slik er trua ei gave frå Gud til den døypte.

Det er eit val å la barnet bli døypt. Det er òg eit val å ikkje la barnet bli døypt. Alle vil det beste for barna sine, og foreldra legg grunnlaget for dei vala barna sjølv skal ta i framtida.

Hjarteleg velkomme til å feire dåp i kyrkja!

«Et under hender i verda kvar gong eit barn vert til, over det gryandelivet lyser Guds skaparsmil.»

Dåpsalme nr. 591 omsett av Egon Askvik

I dåpen blir barnet medlem i Den norske kyrkja og vil seinare få invitasjon til å vera med i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja, i gudstenester og trusopplæring. Når barnet blir 15 år, er det religiøst myndig. Då avgjer barnet sjølv om han eller ho vil vera medlem av kyrkja. Du finn informasjon om dåp på nettsidene våre: www.vindafjord.kyrkjer.no



Dåp – ein god start på livet

Når eit barn blir bore til dåp, blir me minna om at ingen kan bera seg sjølv. Gjennom dåpen blir me ein del av eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda – og gjennom alle tider. Det er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lover å følge barnet alle dagar.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Vindafjord - www.vindafjord.kyrkjer.no



Fadrar

Det er ei ære å bli spurt om å vere fadder. Det er gjerne slektingar og venner som får fadderoppgåva. Barnet skal ha minst to fadrar over 15 år som godtek kristen barnedåp.

Aldri for seint

Husk at også større barn og voksne kan bli døypt, det gir medlemskap i Den norske kyrkja. Ta gjerne kontakt med den lokale presten først, dersom du lurer på noko i samband med det.

Påskevandring for familiene

Av Britt Karstensen, kateket

Som så mykje anna måtte også påskevandringane for barnehagane avlysts i år. I staden blei det påskevandring til alle kyrkjene i Vindafjord der familiene sjølv kunne ta turen. Postane låg på nettet, ein kunne velgje litt sjølv kor og kva tid ein gjekk, men alle enda opp ved ei kyrkje. Det var både leik, oppgåver og undring undervegs, og familiene Velde Eskeland (Vats) og Stople Sørhus (Skjold) stilte sporty opp med små filmar og songar til dei ulike posta-

ne. På «Langfredag» var det naturleg å besøke gravplassen, og på «Påske-morgen» skulle flagget til topps! Til slutt var det løysing av bokstavrebus, og dei som registrerte seg blei med i trekninga av tre store påskeegg.

Svaret på rebusen var (sjølvsagt!): «Jesus lever».

Mange tok turen, og fleire av dei la ut bilde på Facebook då dei var «i mål». Dei heldige vinnarane som fekk påskeegg levert på døra 2. påskedag var:

Eiril og Endre Enge, Martine og Ingrid Olava Berge Lill-Inger Velde med familie

Pinsevandring for store og små

Opplegget rundt påske var så kjekt at me har laga noko tilsvarende for pinse-tida. Me feirar kyrkja sin bursdag og får ulike utfordingar med både eld, vind og vatn.

Premien denne gongen blir ei sommarpakke med kjekke familieaktivitetar til heime-/hytteferie.

Pinsevandringa finn du på nettsida vår vindafjord.kyrkjer.no + Facebook: «Trusopplæring Vindafjord». Den ligg ute til og med 2.pinsedag.



Astrid, Marta og Johannes Eskeland



Påskeegg i premie.



Eiril og Endre Enge saman med mor ved Sandeid kyrkje,



Det blir sjangse til såpeboblegøy i løpet av pinseaktivitetene.

Då kyrkjene vart digitale

Av Steinar Skartland

Så kom det over oss. Korona-viruset som stengde kyrkjedørene i heile kommunen, men som ikkje stoppa prestane frå å forkynna ordet og heller ikkje folket i kyrkjelydane frå å delta - med hjelp av internett.

Søndagane var det tekstlesing av prestane, overført direkte på både kyrkja si nettside og Facebook. Fra påske til pinse deltok ulike lokale krefter med salmesong over nettet.

-Når det gjeld digitale erfaringar tenker eg at vi først og fremst skal takka alle som har bidratt på ulike måtar og skapt engasjement i de ulike kyrkjene i Vindafjord, påpeikar Kristian Kyllingstad. -Eg har ikkje gått gjennom statistikkane ennå, men på generell basis ser vi at vi når eit breitt publikum. Ein digital plattform som Facebook vil alltid ha sine avgrensingar.

Andakt for 2200

Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde i Vikedal heldt gudstenester på internett frå kontoret sitt. Han fortel om erfaringane:

-Eg har fått mange gode tilbakemeldingar. Til og med over 2200 visningar på den eine andakten. Mange har

ringd meg og takka meg. Dette var ein liten innsats for komma ut med evangeliebodskapen, men ikkje utan utfordringar. Takk til Tore Tokheim som har stilt opp i alle fall 3 gonger. Eg takkar også alle frivillige som bidratt til salme-ne. Dette må vi forsetja med, meiner eg. Verda er modernisert veldig mykje i det siste, så det er berre å ta i bruk moderne medium.

Populær salmedugnad

Etter påske og fram til pinse vart det publisert salmesong og musikk på nettsida: vindafjord.kyrkjer.no, på Facebook og Youtube. Dyktige, lokale musikarar stilte opp, overført frå kyrkjene og inn i heimane. Mange av dei kjende salmane hadde undertekstar på skjermen slik at tilhøyrarane lett kunne syngja med. Ja, mange kunne nok songane utanåt. Statistikk på nettsidene viser at nokre salmar vart spela av opp til 1500 gonger, andre 2-300 gonger.

Oppaket av songen: «Han tek ikkje glansen av livet», som Sveinung Bjelland framførte under salmedugnaden i Ølen kyrkje, saman med Anders Lunde, Jon Ørnes, Arnt Ove Kvernenes og Dagny Christophersen, vart spela av 8000 gonger i løpet av to veker. Her vart nytta profesjonell lyd og filming ved Økland Foto. Andre nytta enklare hjelpemiddel til opptak og sending.

Fleire av sjåarane delte innslaga på andre nettsider og tilbakemeldingane var gode. Kanskje er dette noko som framover kan bli nytta meir, i tillegg til vanlege gudstenester? Sjølv om kyrkjene etter kvart opnar igjen og folk kan koma saman til fellesskap, vil det vera avgrensingar i kor mange som kan delta og med god avstand. Desse siste vekene har gjeve erfaringar og tilpassa løysingar som er spennande moglegheiter som når mange fleire enn vanlige gudstenester eller ein kyrkjeskoncert.

Og det er ikkje berre lokalt dette skjer. Prestar, organisasjonar og musikarar over heile landet har delteke med å spreia ord og gode tonar utover internett. NrK sender kvar søndag gudstenester i både TV og radio. Avisa Vårt Land har på si nettside ei oversikt over alle kyrkjene som har digitale gudstenester på internett. Så her er det berre å velja – eller å lytta til flere. Vårt Land melder også at Oslo domkyrkje har hatt 50.000 visingar av gudsteneste på internett, og soknepresten i Byåsen menighet i Trondheim opplevde at 20.000 såg på over internett når han held ein to minuttars kveldsandakt, lyser velsigninga og song: «Jeg folder mine hender små». Det er store tal, men om vi reknar dette om til folketalet i vår kommune, så er det store tal her og som lyttar til salmesong og tekstlesingane over nettet.

Kven får trusopplæringsprisen?

Av Britt Karstensen, kateket

Me set stor pris på frivillige eldsjeler i Vindafjord som bruker tid, engasjement og krefter på kristent arbeid blant born og unge. Trusopplæringsprisen for 2020 vil bli delt ut til ein av desse på den årlege inspirasjonssamlinga arrangert av Felles Utval for Trusopplæring (FUT), i år planlagt til torsdag 17. september 2020.

Meir informasjon om samlinga kjem i neste nummer av Hyrdingen, men me vil



Tone Andreassen fekk Trusopplærings-prisen for 2019. Kven foreslår du i år?

gjerne allereie no få inn forslag til kven som skal få prisen i år – me veit det er mange som fortener den!

Kven vil du nominere?

Send e-post til kateket Britt: britt.karstensen@vindafjord.kommune.no med namnet til den du vil nominere + fortel kort om kvifor denne personen fortener ein pris.

Teikningar: Asbjørn Tønnesen

Finn
5
feil

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



"Han tek ikkje glansen av livet" framført av: Sveinung Bjelland, Anders Lunde, Jon Ørnes, Dagny Christophersen, Arnt Ove Kvernenes. Film: Økland Foto AS.



Takk til Einar Bakke og Miriam Wootton for to fine salmar:
Dég være ære og Jeg er i Herrens hender.



Sokneprest Kari Vik Stuhaug les søndagsteksten.



Nettgudsteneste ved sokneprest Hunde.



Prestane las bibeltekstane frå kontora på web.

Kyrkjene opnar igjen

Frå 17. mai begynte kyrkjene så smått å opna opp igjen i Vindafjord. Fleire stader var det open kyrkje i samband med kransenedlegging, og nokre stader var det tilrettelagt for å synga litt saman. 24. mai var det for første gong på over to månader gudstenester i nokre kyrkjer. Kyrkja har fått sin bransjestandard for smittevern som blir følgt. Gudstenestene som står i dette bladet viser ordinær plan. Ver merksam på at det kan skje endringar, så følg med oppdatert gudstenesteplan på www.vindafjord.kyrkjer.no, i annonser og oppslag.

Frå 50 til 200

Fra pinse – førstkomande helg, blir det gudstenester etter oppsett plan. Dei vanlege smitteverntiltaka gjeld. Det inneber at til 15. juni kan inntil 50 friske personar samlast til gudsteneste (utanom personell), då med

avstand ein meter. I fleire av kyrkjene vil ein vanlegvis kunne feira gudstene neste utan å koma opp i 50 personar. Personell følger med på antalet. Det kan dessverre innebera at besökande nummer 51 ikkje får lov å koma inn. Me håpar likevel at kyrkjene blir fylt opp inn til denne grensa. Denne grensa gjer også at me gjennomgående tilbyr dåp i eigne gudstenester i denne tida, slik at gudstenestene elles er tilgjengelege for andre kyrkjegjengarar.

På pinsedag (førstkomande søndag) blir det gjennomført to like gudstenester rett etter kvarandre i kyrkjer der ein vanlegvis ligg rundt dette frammettet eller høgare. I Ølen og Skjold blir det såleis gudsteneste kl. 10.30 og kl. 12.00. For å få dette til med tid til reinigering i mellom, blir gudstenestene litt enklare enn vanleg.

Regjeringa planlegg for at det kan avviklast arrangement med inntil 200 frå 15. juni. Det inneber at gudstenestene i sommar kan gå som planlagt.

Men gudstenester knytt til festivalar og liknande blir lagde til kyrkjene.

Gjesteliste

Styresmaktene stiller krav om at ansvarleg arrangør skal kunne gjera greie for deltagarar ved evt. behov for smittesporing. Slik også i kyrkja ved alle tenester – også gravferd og dåp. Det inneber at det vil bli ført ei gjesteliste som presten har ansvar for å oppbevara og makulera etter 10 dagar. Dette er lite ønskeleg ut frå personvernomsyn, men me ber om forståing for at det er slik no.

Konfirmasjonar

Det er sett opp nye datoar for konfirmasjonar i august og september (sjå eigen oversikt). Me håpar det vil vera mogeleg å samlast minst 200 då også. Kyrkja vil koma med meir informasjon i samsvar med gjeldande rammevilkår etter kvart.

Kyrkja i Vindafjord

Stemnestaden - Storsalen er blitt ny

Av Kørner Høie / justert av red.

Etter seks veker iherdig jobbing i januar og februar er hovudsalen blitt ny, og rakk så vidt å bli tatt i bruk før koronaen slo til. Golvet er nytt, taket er nytt, og tre av fire veggar er nye. Vindaugo er nye og to veggar har fått meir isolasjon. Også lyd og belysning er ny. Ventilasjon er på gong, og heile bygget vil i løpet av våren få vassboren varme, forsynt av varmepumpe frå luft til vatn.

Prosjektet er kostnadsrekna til tre mill. kroner. Det gir eit nødvendig løft til det 32 år gamle huset. Gjestene skryt uhemma av arbeidet som er gjort. Særleg er det mange som framhevar alle eikespilene i vegg og skråtak. Familiar og grupper som har bestilt lokala framover gler seg stort til å komma. Mesteparten av arbeidet er gjort av innleidd hjelp. Det var for å få minst mogeleg avbrekk i drifta. Men sanneleg har det blitt ein god del dugnad også. Mot slutten av februar inviterte vi til dugnadshelg. Der var vi nærmere 40



Mannsforeningen Manfred malar.



Salen har fått ny frontvegg og to prosjektorar.

stykke. Også ein del barn var med. Og vi fekk gjort mykje. Nå ser vi fram til å ta imot mange gjester framover, både på eigne arrangement og dei som leiger seg inn. Og finansieringa? Vi har lånt tre millionar som vi ønskjer å betala ned på ti år. Det meste blir innsamla pengar frå Stemnestadens venner. Vi har fått ein god start, men må ha ei aktiv innsamling framover. Vi støttar oss korkje på kommune eller fylke, derfor er det gledeleg når fotfolket viser at dei har varme hjarter og opne lommebø-

ker. Fram til 17. mai måtte det avlysast 24 arrangement. Dette betyr ingen inntekter og fleire tilsette er permitterte. Også gjenbruksbutikken i Aksdal måtte stengje i midten av mars og ut mai. Arbeidet med opprusting utandørs på Stemnestaden har halde fram. Plenane vert sådd. Volleyballbanen er på plass. På lekeplassen er det nye lokomotivet med rutsjebane på plass. Bjørk er planta ved det gamle hovedbygget og det nærmer seg asfaltering. Nå gler alle seg til arrangement utover hausten.

STØTTEANNONSER



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølen svært
Vi er
en del av
NLMvgs

Vi tilbyr

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no



Knaphus 
B i l
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



Knaphus 
Dekk & Bilverksted
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Vikebygd Landhandel AS
Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net



GRANBERG
GARVERI s
Bjoavegen 187 - 5582 Ølen svært
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Faste gravferdsdagar

Som eit av fleire smittetiltak vil me frå nå av ha faste gravferdsdagar – tysdag og fredag. Dette er elles dei mest etterspurde gravferdsdagane til vanleg. Unntaksvise har det vore gravferder på onsdagar – praktisk tala ingen på torsdagar. Difor vert tysdag og fredag faste gravferdsdagar i Vindafjord. Denne ordninga gjeld inntil vidare.

Kyrkjeveita i Vindafjord
Inghart Lasse Tveit



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster
Tlf. 53 76 88 35 • www.olenserter.no 



stell av gravplasser
Kontakt Avdeling Vepro
Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60



AOI
Arbeid og Inkludering



Ølen Betong
Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no



Olen
auto

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap
www.tsrevisjon.no
Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik



SpareBank
SR-BANK 

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Stad/kirke	Tid	Tittel / Informasjon	Preiketekst
31.05.2020	Skjold kyrkje	10.30	Høgtidsgudsteneste, nattverd	Joh 20,19-23
31.05.2020	Skjold kyrkje	12.00	Høgtidsgudsteneste, nattverd	Joh 20,19-23
31.05.2020	Vikedal kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste	Joh 20,19-23
31.05.2020	Ølen kyrkje	10.30	Høgtidsgudsteneste, nattverd, Takkoffer til Bibelselskapet	Joh 20,19-23
31.05.2020	Ølen kyrkje	12.00	Høgtidsgudsteneste, dåp, Takkoffer til Bibelselskapet	Joh 20,19-23
07.06.2020	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer til NLA høgskolen	Matt 28,16-20
07.06.2020	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste, nattverd	Matt 28,16-20
07.06.2020	Imsland kyrkje	17.00	Gudsteneste	Matt 28,16-20
14.06.2020	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer til Kirkens Bymisjon	Matt 3,11-12
14.06.2020	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer til Global	Matt 3,11-12
14.06.2020	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer til Diakoniarbeidet	Matt 3,11-12
21.06.2020	Vikebygd kyrkje	11.00	Gudsteneste, nattverd, Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Luk 14,15-24
21.06.2020	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste, nattverd, Takkoffer til Evangeliesenteret	Luk 14,15-24
21.06.2020	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste, nattverd	Luk 14,15-24
28.06.2020	Imsland kyrkje	10.00	Gudsteneste	1 Kor 9,24-27
28.06.2020	Skjold kyrkje	12.00	Gudsteneste	1 Kor 9,24-27
05.07.2020	Vats kyrkje	10.00	Gudsteneste, nattverd	Matt 7,15-20
05.07.2020	Sandeid kyrkje	12.00	Gudsteneste	Matt 7,15-20
12.07.2020	Ølen kyrkje	10.00	Gudsteneste	Luk 5,1-11
12.07.2020	Vikedal kyrkje	12.00	Gudsteneste	Luk 5,1-11
19.07.2020	Skjold kyrkje	12.00	Gudsteneste, nattverd	Luk 15,1-10
26.07.2020	Bjoa kyrkje	10.00	Gudsteneste	Matt 6,19-24
26.07.2020	Vats kyrkje	12.00	Gudsteneste	Matt 6,19-24
02.08.2020	Ølen kyrkje	10.00	Gudsteneste	Rom 8,31-39
02.08.2020	Imsland kyrkje	12.00	Gudsteneste	Rom 8,31-39
09.08.2020	Vikedal kyrkje	10.00	Gudsteneste, nattverd	Luk 5,27-32
09.08.2020	Vikebygd kyrkje	12.00	Gudsteneste	Luk 5,27-32
16.08.2020	Ølen kyrkje	10.00	Gudsteneste	Matt 23,37-39
16.08.2020	Sandeid kyrkje	12.00	Gudsteneste, nattverd	Matt 23,37-39
22.08.2020	Skjold kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Matt 23,37-39
23.08.2020	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste	Matt 6,24-34
23.08.2020	Skjold kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Matt 6,24-34
27.08.2020	Sandeid kyrkje	17.00	Samtalegudsteneste	Matt 6,24-34
30.08.2020	Sandeid kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Matt 25,14-30
30.08.2020	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Matt 25,14-30
30.08.2020	Vats kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Matt 25,14-30

Koronatiltak: Den norske kyrkja sin bransjestandard for smittevern blir følgt. Vanlege tiltak gjeld: Berre friske personar, reine hender, avstand minst 1 meter. Maks tal på deltarar er 50 fram til 15. juni. Vonleg maks tal 200 personar frå 15. juni. Styresmaktene stiller krav om at det kan gjerast greie for kven som har delekte på arrangement for evt. smittesporing.

Du kan difor bli beden om å skriva deg på gjesteliste ved inngangen. Lista vil bli makulert etter 10 dagar.

Pga. smitteomsyn kan kome endringar. Sjå lokale kunngjeringar.

Følg med på evt. endringar på www.vindafjord.kyrkjer.no og ved plakatar og annonser.

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)

FRÅ KYRKJEBOKA

Døypte	Døde
Bjoa 12.04.2020 Lars Samland Richardson	29.04.2020 Anbjørn R. Stople f. 1929
Sandeid	01.05.2020 Marthon Bertin Hauge f. 1937
Ølen	18.03.2020 Eirik Ebne f. 1936
Skjold 03.05.2020 Bertin Rullestad Tjeltveit	13.04.2020 Ingolf Rødne f. 1922
Vikebygd 22.03.2020 Thomas Kjærland	21.04.2020 Marie Helene (Mary) Skjold f. 1935
Vats	13.04.2020 Hans Frøyland f. 1930
Vikedal	05.05.2020 Solveig Liv Alvseike f. 1930
	23.03.2020 Magnhild Olava Lilleland f. 1927
	06.04.2020 Betty Esther Hundseid f. 1933
	04.05.2020 Judith Helene Opsal f. 1931

MØTE OG ARRANGEMENT

Vågen bedehusforsamling

søn. 31.05.	19:30	Søndagsmøte. Talar: Egil Skutlaberg
ons. 03.06.	19:30	Bønnemøte
søn. 07.06.	19:30	Søndagsmøte. Talar: Torleiv Åreskjold
ons. 10.06.	19:30	Bønnemøte
søn. 14.06.	11:00	Frilufts-familiemøte Værforbehold
ons. 17.06.	19:30	Bønnemøte
søn. 21.06.	19:30	Søndagsmøte. Talar: Karl Einar Tvedt
ons. 24.06.	19:30	Bønnemøte
søn. 28.06.	19:30	Bonne- og delemøte
søn. 05.07.	19:30	Bonne- og delemøte
søn. 12.07.	19:30	Bonne- og delemøte
søn. 19.07.	19:30	Bonne- og delemøte
søn. 26.07.	19:30	Bonne- og delemøte

søn. 02.08.	19:30	Bonne- og delemøte
søn. 09.08.	19:30	Bonne- og delemøte
ons. 12.08.	19:30	Bønnemøte
søn. 16.08.	19:30	Søndagsmøte
ons. 19.08.	19:30	Bønnemøte
ons. 26.08.	19:30	Bønnemøte
søn. 30.08.	11:00	Søndagsskule
søn. 30.08.	19:30	Søndagsmøte
ons. 02.09.	19:30	Bønnemøte

Vågen bedehusforsamling

Me er takksame for at me nå kan starta opp igjen med samlingar på bedehuset, under retningslinjene seier at det skal vera maks 50 til stades på slike samlingar. Me vil føra oversikt over frammette, og me vil sørge for minst 1 meter avstand når folk ikkje bur i same hus. Det er viktig at du blir heime der som du har symptom på sjukdom.

Velkommen til bedehuset!

Vikestølsmøtet i 120 år

Det har vore ein årleg tradisjon med stemne på Vikestølen ein søndag i månadsskiftet juni-juli. Møtet vert vurdert arrangert også i år. Leiaren for Vikestølsmøtet seier at det då vil verta utandørs, så sant været tillæt det. Me viser til annonse og kunngjeringar når tida nærmar seg.

Vi er her. Alltid.

Av Kirkens SOS Rogaland

Først ein stor takk til alle kyrkjelydar som står saman med Kirkens SOS i ei svært vanskeleg tid. Takk for forbønn og omsorg. Dette er ei utfordrande tid for alle, også for kyrkjelydar og forsamlings. Gudstenester og samlingar er avlyst på same måte som Kirkens SOS måtte avlysa alle sine samlingar. Heller ikkje kan dei frivillige medarbeidarane koma til vaktromma og ta imot samtalar frå innringarar og innskrivarar.

I denne situasjonen blir det kanskje endå tydelegare at Kirkens SOS er kyrkjelydane sitt forlengja diakonale arbeid. Då vi måtte stengja kontora den 13. mars, etablerte organisasjonen eit nettverk av tilsette og frivillige som fortsette telefon- og chattetrenesta frå kvalitetssikra heimekontor spreidd utover heile landet.

Generalsekretær Leif Jarle Theis er glad for at Kirkens SOS har klart å halda oppe svarprosenten i denne perioden. Den siste veka har det

vore omkring 700 som kvart døger har tatt kontakt med Kirkens SOS.

– For mange er vi eit viktig haldepunkt når mykje er stengt. Våre tilsette og frivillige jobbar nå dag og natt, og melder om stor takknemleghet frå innringarar og innskrivarar. Midt i einsemda treng mange nokon å prata med og føla at dei både er sett og støtta. Nå gjeld det å halda oppe livsmot og omsorg for kvarandre, i ei usikker og veldig vanskeleg tid for mange, seier Theis.

Det er krisetid i Noreg, og mest ingenting er slik vi gjerne ønsker det skal vera. Nokre yrkesgrupper har det travlare enn nokon gong, men store deler av samfunnet er meir eller mindre stengt eller permittert.

Så kan vi gjerne sei med statsminister Erna: «Nå gjeld det å ikkje ta på kvarandre, men ta vare på kvarandre», og med kongen vår: «Mine tankar og bøner er hos dykk alle nå.»

Mvh Kirkens SOS Rogaland
Eivind Hauglid, fung. senterleiar



Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 3. september. Frist for levering av stoff er 10. august. Nr. 5 kjem ut: 26. november.

Fasteaksjonen • Tusen takk til deg som ga!

Info frå Kirkens Nødhjelp / redaktøren

40.000 bøsseberarar skulle banka på dører over heile landet for å samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin årlege fasteaksjon. I Vindafjord skulle alle konfirmantane delta, men så kom Koronaviruset, og ein måtte gjennomføra innsamlinga digitalt.

- At aksjonen og innsamlinga i år blei digital som følgje av koronakrisa har ikkje lagt nokon dempar på det store engasjementet, skriv Kirkens Nødhjelp. - Vi vil retta ein stor og hjartelag takk til konfirmantane, kyrkjelydane, gjevarane og alle andre som bidrar til vår tids viktigaste fasteaksjon. Med pengane som vert samla inn, vil Kirkens Nødhjelp sikra reint vatn til sårbare menneske over heile verda, og trappa opp kampen mot koronaviruset.



Korleis gjekk det i Vindafjord?

I Vindafjord viser oversikta frå Kirkens Nødhjelp at det i alt kom inn i alt 59.000 kroner (ca. kr 7,- pr. innbyggjar). Dette betyr at folk i Vindafjord har gitt reint vatn til 295 personar, noko det er grunn til å takka for. Dette er vesentleg mindre enn dei siste to åra, der konfirmantane med bøsseinnsamlingane fekk inn om lag 140.000 kr kvart år.

Du kan ennå gje til aksjonen!

Vi hører at fleire eldre hadde gjort pengane klar til konfirmantane skulle koma med bøsser, men dette vart avlyst. Om du ikkje fekk høve til å gje, eller du vil bidra ein gong til, kan du gjera følgjande nå:

- Bruk VIPPS til 2426
- Send SMS: VANN til 2426 (200,-)
- Overfør til Gåvekonto (bank): 1594.22.87493

Vil du vita meir om årets aksjon og resultata frå andre kyrkjelydar, kan du lesa meir på
www.fasteaksjonen.no







KONFIRMAN^T
2021







Hei, du som er født i 2006! Vi ynskjer deg velkommen som konfirmant.

I konfirmasjonstida får du oppleve nye opplevingar, undervisning og samtale om små og store utfordringar i livet, konfirmantleir, kyrkja sett frå innsida, flott og høgtideleg avslutning med konfirmasjonsgudsteneste.

Vi inviterer til informasjonssamlinger i kyrkjene:

- 4.juni kl. 16.00 i Imsland, kl. 17.30 i Vikedal, kl. 18.45 i Sandeid
- 9.juni kl. 18.30 i Ølen, kl. 20.00 i Bjøa
- 10.juni kl. 17.00 i Vikebygd, kl. 18.30 i Skjold, kl. 20.00 i Vats

For mer info se www.vindafjord.kyrkjer.no



DEN NORSKE KYRKJA